



Jordhungrige jærbuar

HANS TORGNY INDREBØ

På 1900-talet måtte mange Jærbuar reise ut om dei skulle skaffa seg ein gard. Hans Torgny Indrebø har besøkt to av områda der dei slo seg ned, i Møre og Romsdal og i Østfold. I artikkelen skriv han om korleis det gjekk med dei, korleis dei blei tatt imot og arven dei hadde med seg.

JÆRBU I VESTFOLD

Me veit at ein heil del jærbruar kjøpte seg gard og grunn på Lista i Vest Agder, og ikkje få drog til Telemark og til Østfold. Og så finst det ein og annan familie som har slått seg ned andre stader, slik som i Møre og Romsdal. Det skal me sjå nærmare på. Men det er bare eitt fylke i landet som kan måla seg med Rogaland når det gjeld tal på familienamn med opphav i gardsnamn frå Jæren, og det er Vestfold. På postkassane der finst det namn frå jærkommunane Sandnes, Time, Randaberg, Stavanger, Sola, Klepp, Time, Hå, Gjesdal og Eigersund. Gardsnamna brukte som familienamn er Sviland, Søyland, Kydland, Horpestad, Orre, Ims, Lima, Ånestad, Årslund, Grødem, Helland, Friestad, Folkvord, Nærland, Kyllingstad, Undem, Skretting, Røyneberg, Mauland, Madland, Hårr, Bue, Pollestad, Njølstad, Kverneland, Opstad, Rage, og kanskje er det fleire som har gått meg hus forbi. Johnsen kunne vera frå kor som helst, men når ein spurde, synte det seg at slekta kom frå Randaberg. Men kva med Reinskau? Den familien kom frå Tasta i gamle Hetland herad, vart det sagt.

Når du ser etter kor dei fleste gardsnamna er henta frå, vil du sjå at det er nokre herad som merkjer seg ut. Hovudtyngda er frå flatbygdene på Jæren, men elles rikeleg spreidd utover frå lengst nord på Neset til bort i Dalane. Så er det slengarar frå andre stader i Rogaland, men svært sparsamt. Dei første me spora opp, som kjøpte seg gardsbruk og flytta til Vestfold, kom dit allereie i 1899.

KVAR SLO DEI SEG NED?

Det er to kommunar i Vestfold som merkjer seg ut: Stokke og Re. Men me finn dei også i Nøtterøy, Tønsberg og Sande.

Fleire av dei utflytta jærbuane fortel at før dei kjøpte seg eige gardsbruk, pakta dei gjerne i nokre år før dei vart sjølveigande bønder. Fleire fortel at før faren eller farfaren kjøpte i Vestfold, pakta dei eit bruk i Vestfold eller i Telemark. Dei kjøpte altså ikkje det pakta bruket, men gjerne eit i bygda eller bygdelaga omkring. Kvifor det så ofte vart pakting før det vart kjøp av eigen grunn, kan ikkje eg, eller personane eg har prata med, svara på. Ved å pakta må ein betala eigaren leige for å driva jorda, dvs ein puttar pengar i lomma på grunneigaren, pengar paktaren sjølv kunne investert i eige bruk. Det ville i lengda vera dyre arbeidsplassar. Men ved å leiga, kunne ein byggja opp eigen buskap og skaffa seg eigne jordbruksreiskapar utan å setja seg i stor gjeld.

KVAR KOM DEI FRÅ?

Det er først og fremst familienamnet som fortel kor slekta på bruket har sitt opphav. I samtalar med utflyttarane kjem det fram at dei er medvitne om kven dei er og kvar dei kom frå. I den andre generasjonen er det somme som skarrar på r' en når dei «prekar». Når dei kjem vestover, høyrer det med å gå på kyrkjegarden og sjå kor slekta har funne siste kvilestaden. Dei er interesserte i røtene sine. Mange har jamt god kontakt med slekta og heimbygda. I eit kjøken heng det eit flott oversiktsbilete av heimbygda bestefaren reiste frå. Det



To tredje-generasjons vestfoldingar, Sølve Søyland og Sverre Ims, ved løa O. Aase bygde i 1915. Foto: Hans Torgny Indrebø.

skin igjennom at for fleire er det viktig å sjå kor beste-foreldra voks opp og kom frå.

På Jæren var bruka delte opp. Det var bare ein odelsgut. Det var ikkje plass til dei andre brørne som ville ha jord. Ville dei driva som bønder, var det bare ein veg: Flytt ut! Utflyttarane var bondesøner, fødde

inn i bondekulturen og vel kjende med drifta av bruket på Jæren. Dei var vane med slitet med bryting og henting av stein og løing av steingardar. Dei hadde greie på ku, gris og sau og tok den kunnskapen med seg. Så ligg det nært å tenkja at slitet på eit jærbruk burde ha skremt dei fleste frå å søkja seg til same

yrket og vilja seg sjølv så vondt. Bonden må syta for eiga inntekt. Han er sjølvstendig næringsdrivande. Han har ansvaret for seg og sine. Å vera bonde er ein livsstil. Han tel ikkje arbeidstimar og tenkjer ikkje på timeløn.

ÅRSAKENE TIL UTFLYTTING KUNNE VERA MANGE

Her må me stansa opp og sjå litt nærmare på tidsrommet då jærbuen flytta ut. Den første store bylgja med utflyttarar var i tida mellom verdskrigane, og den andre og største bylgja fylgde i åra etter siste krigen. I mellomkrigstida var det stor arbeidsløyse. Mange var heime hos far eller ein bror og arbeidde for kosten og tak over hovudet. Å stifta eige bu og eigen familie var ikkje enkelt. Det vart sett i gang ulike slag naudsarbeid. Nokre fekk hjelp til å koma i gang i Vestfold framfor å gå heime for lite eller ingenting, eller ta til takke med naudsarbeid. Då krigen kom, vart det slutt på arbeidsløysa.

I etterkrigstida levde erfaringane frå mellomkrigstida i generasjonen som opplevde tje- og trettiåra med kamp om arbeidsplassane. Minna var sterke om den tida og kva det gjorde med dei å gå arbeidslause. Då ser ein seg om for å sikra seg og sine for framtida. Var det ikkje jord å oppdriva på Jæren, fekk dei dra til stader der ein kunne kjøpa. Det ryktast at både sørpå og austover var det gardsbruk for sal, og at jorda der var lett driven. Storleiken på bruka passa godt som familiebruk. Klimaet var betre. Det freista å reisa til Vestfold. Men det var ikkje bare gull og grønne skogar for dei som flytta.

KRISETIDER

Mange hadde kjøpt gardar dyrt under første verdskrigen. Så kom tjeåra med jamn nedgang i prisane på produkta og med det fallande inntekter medan gjelda var den same. På den andre sida var det eit stadig aukande kroneverde som gjorde det vanskelegare og vanskelegare for bøndene med gjeld å klara pliktene sine. Utgiftene til renter og avdrag var faste. Realverdet av gjelda auka relativt så lenge inntektene minka. Det vart eit gap mellom det dei fekk for produkta og det dei sjølv måtte betala for driftsmidlane. I 1934 var prisen på jordbruksprodukt kring 12% høgare enn dei var i 1913, medan driftsmidlane kosta 35% meir. Kredittinstitusjonar av ulike slag skulle ha inn pengane som var lånte ut med renter.

Kring århundreskiftet vart det eine handelslaget etter det andre stifta på Jæren. Alle bygder hadde minst eitt handelslag. Bøndene fekk kjøpa kraftfôr, gjødning og reiskapar gjennom handelslaget. Men i mellomkrigstida var det fleire bønder som sleit med å betala for varene dei hadde fått. Det var bønder og kollegaer som sat i styra for handelslaga, og dei strekte seg langt før dei slo ein nabo konkurs sjølv om han ikkje kunne styra pengar. Handelslaga fungerte langt på veg som ein kredittinstitusjon i bygda og var ein konkurrent til sparebanken. Bøndene kunne betala når våren og sommaren kom, når kyrne hadde kalva og var komne ut på sommarbeitet. Då kunne mjølkepengane gå til nedbetaling av lausgjeld.

I Vestfold hadde ikkje samvirketanken same oppslutnad. Der var det rett nok innkjøpslag, men ikkje så

omfattande utbygd og med same autoritet og oppslutnad som handelslaga på Jæren. Bøndene i Vestfold var meir utsette då kredittinstitusjonane fremja krava sine. Tvangsauksjonar og frivillig sal vart løysinga for mange.

I 1931 vart Bygdefolkets krisehjelp stifta. Det var eit upolitisk tiltak som tok sikte på å arbeida for mellom anna å letta eventuelle gjeldsoppgjer, arbeida for rentelette og gjerne for ei tid utan avdrag, vidare hindra at bønder på mindre og større bruk måtte gå frå garden på grunn av tvang, og til slutt arbeida for at det vart ei meir rettferdig skattlegging av bøndene. Dette tiltaket var mest utbreidd austpå, men fekk ei kort levetid. Krisehjelpa vart oppløyst i 1936. Det er sagt at mange bønder særleg i Telemark og Vestfold kan takka Krisehjelpa for at dei vart sitjande med bruka sine. Men også andre tiltak vart sette i verk for å hjelpa næringa.

«Ny jord» starta i 1908 som ein interesseorganisasjon for å redusera den store utvandringa av norsk ungdom først på 1900-talet. Eit sidestilt mål var å få norsk ungdom til å starta bureising. Det vart kalla indre kolonisering. Arbeidet med å oppmuntra til bureising skaut ekstra fart etter første verdskrig. Matmangelen under krigen skremde. Då andre verdskrigen var over, vart det på ny vind i segla for å leggja ny jord under pløgen. Her på Jæren er bruka på Kverneland øvst i Time og Elgane i Varhaug kjende bureisingsbruk.

SKIKKELEG ARBEID GIR STATUS

Å vera bonde er eit slags lotteri: eitt år vert avlingane og avdråttan god, andre år heng det og blør og gir bonden vakenetter. Ei fast hyre på kvalfangst freista mange

vestfoldingar til å selja bruka sine og kvitta seg med gjeld. Jordhungrige jærbruar sto klare til å kjøpa. Etter norske forhold var det gilde bruk på kring 150 mål dyrka jord som kom på handel. Men bruka vart ikkje gitt bort.

Det var viktig at jærbuen hadde lært seg å arbeida. Det fekk han nytte av til gagns. Det gir inntekt. Arbeid er eit gode som er med på å strukturera arbeidsdagen. Eit fast arbeid gir sosiale relasjonar, og det gir den einskilde kjensle av og medvit om å gjera nytte for seg. Det står i skarp kontrast til det å gå arbeidslaus. Å vera ein dyktig bonde gir ekstra status. Det er den personlege innsatsen som gir løn for strevet. Løna er å sjå at åkeren veks og at det er god avdrått i fjøset, at husa på bruket er i god stand og at ein kan kjøra inn på eit triveleg gardstun. Pengane som oppgjer for innsatsen er prøvet for at arbeidet er verdsett. Dette låg i botnen til jærbuen som kom til Vestfold. Det var ikkje tanken at han skulle visa vestfoldingen at han var moldtræl, men det var eit sterkt ynskje om å lukkast.

O. AASE KJØPTE GARD I 1899

Ein kleppfamilie kjøpte eit rimeleg stort gardsbruk med skog og eiga mølle i 1899 på Fossan i Re. Ein skulle tru at med mange titals mål lett jordbruksjord ville det vore husdyr og korn som ville dominera. Seinare kom det ein familie frå Gjesdal og overtok det bruket. Den familien tok med seg kunnskapen og gleda over å ha sau, og det har fylgt familien i alle åra frå utflyttinga - i over 110 år. På bruket er det i dag 200 vinterfora sau. Ein del av flokken går på beite i eigen skog og ein annan del vert kjørt på leigd beite. Bonden sjølv fortalde

at dei ei tid førde ein flokk sauer ut til ei av øyane dei hadde kjøpt utanfor Tønsberg. Dei dreiv dyra gjennom gatene i byen. Det er det slutt med nå. Bruket høyrer med til dei store. I si tid var det båsar til 80 kyr i fjøset, men nå er det ikkje kyr att. Største delen av den pløgde jorda på 490 dekar, vert brukt til korn. Bonden fortalde at han hadde bygt eiga korntørke. Det hadde gått med



Låvebygningen med korntørka, Re i Vestfold.

Foto: Hans Torgny Indrebø.

46 tonn stål som han hadde sveisa til sjølv. Jærbuen kjøper ikkje arbeidskraft til slikt han kan gjera sjølv. Han har ikkje vore redd for å ta i eit tak og at hendene vart tilsulka med mold og olje.

BRØR SLÅR SEG SAMAN

Fleire av jærbuane som flytta til Vestfold, kom som brødrepar. Slik var det med Årslands-brørne frå Vigre-

stad som flytta til Nøtterøy. Dei vart pionerar i jordbærdyrking. Dei tre brørne Bue i Re kommune heldt fram med mjølkeproduksjon.

Brørne Helland dreiv eige bruk på Nykirke og i tillegg mange år gras- og korndyrking på Torp flyplass. Til alle bruka er det meir eller mindre skog, men ingen seier det. Det er gardsbruket som gir det daglege brødet, skogen er ei langsiktig investering der horisonten for hausting ligg langt framme i tid, gjerne 60 år og meir. Det er ku og gris som gir inntektene.

Storleiken på bruka ga arbeid til mor og far og ein barneflokk. Det var familiebruk. Ein utflyttar frå Sandnes var brislingfiskar med eit lite jordstykke attåt. Barneflokket med fleire gutar kunne ikkje gå og slengja, så han og kona fann det fornuftig å kjøpa seg eit gardsbruk og arbeid til seg og guteflokket i Vestfold. Bruket hadde gått på handel og var nedslite og nedsleppt då dei kjøpte, men stor arbeidsinnsats av heile familien hadde fått drifta på fote. Så vart eit nabobruk til sals, og familien ynskte å kjøpa det i tillegg. Dei søkte lån i sparebanken i bygda. Der sat det bare vestfoldingar som tykte at jærbuen var vel mykje for seg, så svaret frå banken var: Du får få skikk på jorda du har og klara deg med den. Det er ikkje alltid like greitt å koma ny til ei bygd. Då var Hypotekbanken god å ta til.

SIN EGEN LYKKES SMED

Synet på jærbuen i Vestfold er todelt, og me kan kanskje seia litt schizofrent. På den negative sida har mange inntrykk av at jærbuen kom til Vestfold og gav seg ut for at han hadde best greie på det meste, og han

var litt sta og sjølvrådig og snakka høgt. På den andre sida var jærbuen arbeidsam. Det var arbeid frå tidleg morgon til seine kvelden. For han var det jorda og dyra – heile tilværet som bonde var ein livsstil. Han sette ungane i arbeid. Omkvedet som gjekk att var: Peis på! Nytta stundene! Jærbuen var ikkje van med å ha eigen kar til å ta seg av fjøs eller grishus. Familien delte på oppgåvene og løyste dei. Ein kunne tru at mange ungar opplevde arbeidet med tynning og lukiing, hesjing og høykjøring, laing av korn og trøsking som ein pest og ei plage, men dei ser positivt attende på barne- og ungdomstida. Arbeidsfellesskapen og familiesamhaldet var viktig. Ikkje alt var like kjekt, som det å stå opp tidleg for å stella i fjøs og grishus før skuletid. Ingenting kjem til av seg sjølv, vart det sagt.

Jærbuen får som nemnt skussmål som aktiv bonde, driftig og ordentleg. Sosial, engasjert først og fremst i misjonsforeininga, men også med i bondelaget og meierisamvirket, mindre politisk engasjert. Det kan sjå ut som jærbuen og etterkomarane ikkje har hatt tid til å engasjera seg politisk, men har prioritert kreftene sine med eit tak i dei faglege organisasjonane. Mange har sett kulturelle spor etter seg. Men dermed er det ikkje sagt at me ikkje også kan finna dei som var sterkt politisk engasjerte og let seg velja inn i ulike tillitsoppgåver som mellom anna ordførarar.

Jærbuen i Vestfold heldt lenge på tradisjonen med å koma saman ein gong årleg i desember til komlemiddag. Det verkar som det ikkje er same iveren for desse komlemiddagane lenger. Med åra har det vorte andre matvanar, og komla har ikkje den same statu-

sen som før. Åra som har gått har vore med på å viska ut fellesskapen mellom innflyttarane, samstundes som generasjonane har vorte meir ein del av folket i bygda dei flytta til.

DEI VILLE SKAPA SEG EI FRAMTID

Jærbuen som reiste ut var målmedviten. Det synte att på mange område. Dreiv han med planteproduksjon, skulle det gjerast skikkeleg. Dreiv han med dyr galdt den same haldninga. Ikkje all jord var i like god stand og hevd. Det vart sett i gang med grøfting, og hus vart sette i stand. Mykje av arbeidet sto han og familien for sjølv. Dei arbeidde seint og tidleg. Vil ein få noko gjort, måtte ein hoppa ned frå gjerdet og byrja å arbeida. Det var å peisa på. Midt i dette gløymde ikkje jærbuen at det skulle sjå fint ut. Bygningane skulle vera måla. Hage og tun skulle vera presentable.

Den kreditten skal jærbuen ha, at han hadde lyst til å ha jord og dyr. Det var målet i livet. Det var det han kunne. Han såg for seg at borna skulle få utdanning, og det har dei fått. Fleire av bøndene har ikkje bare jordbruksskule anten det var Tomb og Melsom eller andre, fleire fylgde opp skulegongen med topp universitetsutdanning og heldt fram med å vera bonde og driva gardsbruket attåt.

Kvifor er det dei nemnde kommunane i Rogaland som har rekruttert til kjøp av gardsbruk i Vestfold? er det store spørsmålet. Me veit at i somme familiar var det fleire gutar. For nokre jordhungrige kunne det stå om valet om å reisa til Amerika og skaffa seg ein farm, men det var og er langt til Amerika. Då var det lettare



Det nye fjøset med tre velfylte flatsiloar. Den mektige Talstadhesten dominerer i bakgrunnen.

Foto: Hans Torgny Indrebø.



Kyr på beite. Fjellet Stemshesten kneisar i bakgrunnen.

Foto: privat eige.

å kjøpa seg gard i Vestfold. Sjølv ein tur til Vestfold var ei utfordring før krigen. Sørlandsbanen vart først opna under krigen. Veggen austover var ikkje av det enklaste slaget, og framleis var ikkje veggen ferjefri. Ein tur til Vestfold før siste krig var enklast med å ta Jærbanen til Eigersund og båt derifrå til ein av vestfoldbyane, eller så var det båt til Bergen og tog over fjellet derifrå.

På den andre sida måtte det vera bruk til sals i Vestfold. Det er rimeleg å spørja etter grunnen til det. Det ligg ikkje noko dybdeintervju bak svara på dette, meir er det å forstå som oppsamla synspunkt etter ein samtale i fjøsveggen, ved korntørka, i mjølkeromet eller ved kjøkkenbordet. Første grunnen til sal av gardsbruk, var at vestfoldingane heller tok seg hyre på eit kvalkokeri og tente nok pengar til seg og sine på den

måten, og så var dei frie alt ansvar halve året for dyr og hausting av grøde. Men det vart også understreka at ny industri voks fram og trong arbeidskraft. Det vart ei flytting av arbeidskraft: Vestfoldingen søkte til fast arbeid med faste inntekter, og så selde dei gardsbruka med dei meir usikre inntektene. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at fast arbeidstid, fri halve laurdag og heile søndag og ferie om sommaren nok kunne freista. Ein bonde med dyr er aldri fri.

KOLLEKTIVBRUKET PÅ HOSTAD

Arne Kvasdheim frå Kvasdheim i Ognå fekk pakta prestegarden i Bud i Ytre Romsdal. Farbror Arne, som han vart kalla, var ugift og trong hjelp. Han bad brorsonen Hans Kvasdheim om å koma og hjelpa seg.



Utsikt over Hustad i Fræna. Foto: Romsdalsmuseet/Widerøe si fotosamling

Og det gjorde Hans. På same tid vart prestegarden i Eidsbygda i Rauma ledig. Farbror Arne og Hans skreiv heim til Jæren og bad dei yngre brørne, Odd og Tor, om å pakta den. Slik var fire blad Kvadsheim etablert i Møre og Romsdal kring 1955. Så legg Ny Jord ut fleire parsellar jord på 200 mål for sal på Hostad i den gongen Hustad herad, nå Fræna. Dette var interessant for kvadsheimbrørne.

Parsellane låg mellom fjella Stemshesten og Mælen i aust og Kammen og Aslaksteinen i vest, fjell som fiskarane brukar som méd. Her var jord til moldhungrige jærbuar. Her var det bare å slå til. Hans Kvadsheim var første mann til Hostad og fekk kjøpt ein parsell på 200 mål. Nå kunne kvar av dei andre verta sjølvveigande bønder på rimeleg store bruk. 50 mål var dyrka, resten måtte kjøparen dyrka opp og kultivera sjølv. Det skulle verta mange, lange og strevsame arbeidsdagar for ungdommane. Arbeidet dei la ned, vart deira adelsmerke.

Farbror Arne, Hans, Odd og Tor – alle Kvadsheim frå Oigna - får til saman kjøpt 1000 mål på Hostad. Ein fjerde bror, Gaute Kvadsheim, står oppført som den femte av kjøparane av parsellane som dei første åra skulle drivast i ei samdrift.

Ein av naboane til jærbuane, Gjendem, frå Fræna, fekk kjøpt 200 mål. To austlendingar, brørne Merkestad frå Gausdal, sette i gang med 400 mål kvar. Det vart ein vanskeleg start for alle. Det var ikkje som å vera bonde på Jæren. Det var dei ikkje ukjende med, det hadde dei prøvd seg på og hadde erfaring med. Tor hadde skaffa seg eit godt teoretisk grunnlag frå



Heile familien var med i arbeidet på garden. Her matar Hans Kvadsheim høypressa, Odd Kvadsheim sit høgt på høylasset, og på traktoren skimtar me Ole Gabriel Kvadsheim.

Foto: Privat eige.

Øksnavad jordbruksskule, og hadde elles praktisk erfaring som dreng på Jæren og sjølvstendig bonde i Rauma. Men dette skulle visa seg å verta ei lang og tung læretid. Det starta allereie våren 1955, som vart lang, kald og sur. Det skulle ikkje gjera det lettare at det var fôrmangel til dei få dyra dei hadde, og i tillegg var fôret på marknaden den våren kostbart.

ALLTID OPTIMIST

Det var tungt å driva garden brørne hadde på myrene der ute på Hostad. Det var så mykje som var ukjent. Ein dag hadde Hans Kvadsheim ærend til smeden, Anders Farstad, i krossen sør i bygda. Hans går i tunge tankar, sukker og seier til smeden som sjølv er bureisar:

- Eg trur ikkje me greier det. Eg trur me må gje opp.



Odd Kvasdheim sjekkar at alt går rett for seg under grøftinga. *Foto: Privat eige.*



Høyhesjer på Kvasdheimbruka ein gong på 1960-talet.
Foto: Privat eige.



Pause med nonsmat: leigekar, Odd Kvasdheim, leigekar, Birgit Kvasdheim, Marit Kvasdheim og Hans Kvasdheim. I bakgrunnen ser me Hostadvatnet og Hostadgardane.
Foto: Privat eige.



Ved ei tilstelling takka formannen i Senterpartiet Bjarne Hatle Hans Kvadsheim, Birgit Kvadsheim, L Eidem og Odd Kvadsheim for trufast arbeid i partiet gjennom mange år. Foto: Privat eige.

Smeden glyttar opp, ser på Hans og seier:

- Viss ikkje de jærbuar greier dokk på Hostad, så er det ingen som greier det.

Optimist må ein vera som skal driva som bonde. Men det nytta så lite det året. Sommaren 1955 vart like

tørr som våren hadde vore lang, kald og blaut. Grasavlingane for familiebruket vart gode, men det vart så lite inntekt av det. Det tilsådde arealet med korn, som dei sette sin lit til, kunne dei allereie tidleg på sommaren sjå vart mislukka.

«ME VAR GALNE»

Naboane, brørne Merkestad og Gjendem, såg òg at det vart smalhals. Dei ville gje opp, ville kasta inn handkleet. Men det var ikkje bare å reisa frå investeringane dei hadde gjort i jord, bygningar, såfrø og gjødning. Kunne kvadsheimkarane tenkja seg å ta over jorda, fellesfjoset og betala dei for utgiftene dei hadde hatt? Det vart til kjøp, nye 1000 mål vart lagde til arealet dei allereie hadde. Jorda vart betalt med 160 000 kroner, 50 000 for fjaset og 40 000 for frø og gjødning. Ein veldig stor sum pengar.

- De var ikkje gjeldfrie då de bestemte dykk for å handla tilleggsjorda, Tor Kvadsheim? Det var litt av eit vågalt sprang å gå inn for den handelen. I 2015- kroner ville kjøpesummen vore mange millionar kroner. Kva tankar la de til grunn for å gå inn med ei slik stor investering?

- Her var det ikkje noko å vera redd for, ikkje i det heile. Me hadde ingenting då me kom til Hostad. Me hadde ingenting å tapa.

- Det var ikkje betre avlingar for dykk enn for dei som ga opp. Kva vurderingar la de til grunn for kjøpet?

- Me var galne, svarar Tor Kvadsheim kort og ler. Brørne har vore glade i å arbeida, vore glade i jord, likt å sjå plantene veksa og buskapan auka. Arbeidsmoralen deira har det gått gjetord om i vide krinsar. 87-åringen Tor går framleis kvar dag og steller i fjaset. Ein kar fortalde at Tor skulle ha sagt at han kom til å døy tvert dersom han ikkje fekk trø i støvlane kvar dag og stella dyra. Då Tor vart beden om å stadfesta utsagnet, kjende han det ikkje att. Men det er sant at

du kan sjå han på sykkelen over til fjaset kvar dag både morgon og kveld. Tor bur aleine og steller seg sjølv. Han og brørne har hatt allmenn tillit i kommunen. Hans engasjerte seg i politikken og var ei tid ordførar. Tor var formann i både bondelag og samvirkelag. Han var og med på å gje ut ei lokalavis.

- Det har gitt meg mykje å vera engasjert utanom arbeidet på garden. I mi tid i styret for samvirkelaget dreiv me med forhandlingar om samanslåing av fleire lokale samvirkelag i kommunen og i nabokommunen Eide. Me sat og diskuterte, og det kom innvendingar om både det eine og det andre. Forhandlingane gjekk tregt. Då var det godt å ta ein kaffipause. Det er utruleg



Tor Kvadsheim og kona Birgit tar ein pause under bygginga av det nye fjaset. Foto: Privat eige.

kva praten mellom to over ein kopp kaffi kan løysa av vanskar. Eit måltid mat og ein kopp kaffi har løyst opp mange flokar, seier Tor med ein lun smil.

DEI GA OPP

Som tidlegare fortalt, gjekk tre bureisarar frå pløgen 17. august 1955. Austlendingane og fræningen såg altså ikkje syn på å halda fram. For det første var det den seige våren og i tillegg kjøp av dyrt fôr. Og så heldt det fram med ein turr sommar. Kornhausten ville verta mager. Det kunne ta motet frå dei fleste. Fire blad Kvadsheim heldt ut og tok over der dei andre ga opp. Nå rådde dei over 2000 mål jord.

Nå er det nærmare 60 år sidan den samtalen mellom Hans og smeden Anders Hostad fann stad. Mykje har endra seg sidan. Farbror Arne vart drepent i ei bilulykke og er gravlagd på Oгна, brørne Hans og Odd har fått sin siste kvilestad på kyrkjegarden ved Hustad kyrkje i Fræna. Det er den yngste, Tor Kvadsheim på 87, som tek imot oss og fortel om strevsame år som bureisar.

Det var ein sjau og store utfordringar med den nydyrka jorda, fortel Tor. Det var ikkje like lett å få det til å gro. Det såg helst svart ut. Dei 2000 måla som familien Kvadsheim er eigar av, var i utgangspunktet rekna til å vera 1600 mål fulldyrka jord, men i praksis var det langt mindre enn 1000 mål som var fulldyrka. Jorda familien hadde hand om, var tenkt som ti sjølvstendige bruk. All jorda på bruket er grøfta på nytt, og med ein avstand på 8 meter mellom kvar er det 125 kilometer med grøfter, og så kjem kanalane i tillegg. Alle grøf-

tene må spylast jamt. Det er mykje jern i grunnen som vil tetta dei. I 2013 vart nye 60 mål fulldyrka.

Då Odd Kvadsheim dreiv på som verst med å dyrka opp myra nede ved Hostadvatnet på 1960-talet, kom han over ei furustamme av skikkeleg storleik. Odd tok vare på stokken. Han vart liggjande i nesten tretti år før han fekk kjørt han til saga og gjort stammen om til plank av finaste slag. Før tusenårsskiftet fekk Odd Kvadsheim materialet datert ved NTNU i Trondheim. Det synt seg at treet var kring 7000 år gammalt.

ME MÅTTE HA INNTEKTER

Første hausten vart det skrale avlingar av korn, men godt med gras og høy, uttalte brørne ved den offisielle overtakinga hausten 1955.

- Odd og eg heldt framleis til inne i Eidsbygda for å fullføra paktarkontrakten på prestegarden, og me var i ferd med å flytta ut for å slå oss ned i Fræna med eiga jord. Me tok over eit bingefjos der for oppdrett av oksar, men me måtte ha inntekter. Me starta med 10 kyr, men her var plass til mange fleire. Før me formelt hadde overteke, reiste eg til Jærs og kjøpte 10 drektige kviger av Halvard Heigrestad på Lindtjørn i Oгна. Dei kosta den gongen 700 kroner kvar.

Kvigene og Tor fekk med seg mat, vatn og høy i ei kuvogn og la ut på ei lang togreise frå Oгна om Oslo til Åndalsnes i februar månad i 1955. Tor sov og åt saman med kvigene som han ga vatn og høy på turen.

- Til tider var det ganske kaldt i kuvogna, men me kom alle levande fram til Åndalsnes. Der fekk me dyra



Odd og Tor Kvadsheim ute med ein del av buskapen. Den gongen hadde kvar ku sitt namn og kom når ho vart kalla.
Foto: Harald Herredsvela, Stavanger Aftenblad.



Våningshuset til Tor Kvadsheim på Hostad vart reist sommaren 1966 og er her nesten klar til innflytting.

Foto: Harald Herredsvela, Stavanger Aftenblad.

på ein lastebil. Det var framleis mange mil att til ytre Romsdal med to ferjestrekningar. Ved første ferja var det full stans. Det var uvêr. Ferja gjekk ikkje. Det var bare å snu. Det var ei lukke at me framleis hadde fjoset i Eidsbygda å ta inn i. Der vart me verande vêrfaste i fleire dagar før me kom oss vidare.

Bingefjoset dyra gjekk i ute på Hostad var utan fast golv, og det var heller ikkje kjellar for gjødsla. Det vart ikkje moka. Det vart kjørt på myrmold og halm slik at dyra låg tørt og godt. Kyrne gjekk lause i fjoset. Gjødsla og strø vart så hardtrampa at bulldosar måtte til for å løysa opp tallen når han skulle ut om våren. Seinare vart det støypt golv.

TRONGE KÅR

- Både Hans og Odd hadde familiar, eg var ugift. Det fylgde ikkje heimehus med jorda me kjøpte. Hans og Odd fekk leigd seg kvar sine husvære ute i bygda. Eg budde hos Odd og familien. Ein dag vart det bråslutt på leige av husværet me hadde. Eigaren skulle bruka det sjølv. Me måtte flytta inn i ei arbeidsbrakke for å få tak over hovudet. Det var trongt og kummerleg, og det var ikkje innlagt vatn i brakka. Alt vatn måtte berast inn. Det var utedo. Slik budde me medan nye heimehus vart reiste. Den gongen var det vanleg at arbeidskarrane fekk maten på staden. Kona til Odd ordna med middag til oss og arbeidsfolka i arbeidsbrakka ved sida

av at ho stelte med heimen med to små barn og med alt som skulle gjerast av klesvask og barnestell.

Det er sagt at det viktigaste på eit bruk er ei dugande kjerring. Mannen kan vera så flink han vil, men han vil ikkje lukkast med slitet dersom ikkje kona støttar han. Kvadsheimbrørne fekk seg dugande ektefeller.

Bureisarane var arbeidsame. Dei nådde langt med små midlar i startfasen. Nå står det tre gilde heimehus på bruket.

IKKJE ENKELT

– Det var vanskeleg for oss å få det til å gå rundt økonomisk dei første åra. Det gjekk ei tid før me fann melodien, uttrykte Tor seg. Det var å skaffa seg kunnskap om vêrtilhøva – klimaet. Frå Jæren var me vane med jamn vind. Nytt for oss, var dei kraftige kastevindane her. Dei skapte og skapar ein del bry. Eit døme på det fekk me allereie 14. september 1956. Me hadde skore ein del av kornet og fått det på hesjer, og noko var sett på staur. Framleis var det mykje som venta på å verta skore. Så kom det storm med kastevindar som slengde kornhesjene flate, og dei reiste kornbanda flaug i hytt og vêr. Kornet som sto på rot vart slått flatt.

– Jordsmonnet var heller ikkje heilt som på Kvadsheim, og ikkje minst måtte me læra om korndyrking og dyrking av andre kulturar før me rådde or. Me sådde gulrøter, men så låg dei opphavlege grøftene for langt frå kvarandre, slik vart det fine røter rett over grøftene, men bare nokre knortar lenger unna. Det vart prøving og feiling med gulrot dyrkinga. Etter kvart fekk me sving på det med 8 til 10 mål årleg. Det same galdt

for kålrabi for sal. Jorda vår var skrinn på næringsemne, så me måtte til med kopar, bor og magnesium i tillegg til vanleg gjødning. Me sprøyta for ugras og kål- og gulrotfluer, og fekk etter kvart god kvalitet på avlingane. Det var arbeidskrevjande kulturar. Kålrabi, gulrot, poteter og korn var det me satsa på for å ha inntekter medan me bygde opp buskapen.

– Ein del år hadde me kring 200 mål med korn. Kornet vart mole og brukt i mjølkeproduksjonen. Etter kvart fekk me oss eigen skurtreskar. Nå er det heilt slutt på korndyrkinga, gulrøter finst ikkje, kålrabien er soge til liks med potetene. Nå er det bare gras- og mjølkeproduksjon og avl av ungdyr i tillegg til stutar til slakt. Med godt over 1100 mål eng, og nokre hundre mål beite skulle det vera fôr nok til ein mangfaldig bøling.

TRØYTESLAUST

– Kan du førestilla deg ein kålrabi-åker på 50 mål som skal lukast og tynnast? Anten det vart brukt ugrashake eller ein valde å krypa og bruka handmakt, kunne ein slik åker ta motet frå dei fleste. Då var det godt å samla villige hender. Når me leigde inn fem-seks ungdommar i tillegg til det familiane kunne stilla opp med av hjelp og la alle i ei breidde, syntet det godt att.

– Det var forferdeleg kaldt og ufyske å kvista kålrabi når det leid utpå hausten og det var frost om nettene og is i lauvet. Endå verre var det når nettene var så kalde at kålrabien sat fastfrosen i molda. Det var kring 50 mål med kålrabi og grønfôrnepe som skulle opp. Eit år hadde me poteter nedanfor huset. Då vart me for

seine til å ta dei opp, eller skal me seia at frosten og vinteren kom for tidleg på oss? Då fraus alt saman – kring 10 mål. På det meste hadde me kring 30 mål poteter. Nå er det heilt slutt med poteter her på bruket. Me ensilerte ikkje poteter som var vanleg ei tid. Dei potetene me ikkje selde, ga me rå til dyra. Første åra var det mykje kroppsarbeid både med gulrotlauv, kårabilauv og potetoptak. Jordbruket var ikkje så mekanisert som no til dags. Tenk at me starta opp med ein Farmall traktor med 38 hestekrefter. Nå er det fem traktorar og ein gravemaskin på 38 tonn på bruket, så kjem alle andre maskinar i tillegg. Maskinar tek i dag det meste av det me leigde inn hender til for å få avlingane i hus. Me brukte ungdommar om sommaren og konejengar til hjelp i innhaustinga.

FISKERETTAR

Bruket på Hostad har rett til å fiska laks i Hustadelva. Oppgangen av laks er varierende. Laksen er helst i den minste enden. På den andre sida av garden er Hostadvatnet - eit vatn rikt på aure, men der er det in-

gen som fiskar lenger. Vatnet er overfolka slik at fisken er småfallen. Det har i alle år vore jorda som har vore hovudinteressa til brukarane. Slik har fisk i elv og vatn fått leva i fred.

i Asemarka. Gamle trekjosker på Ase og Tjøtta II er revet, og i ste- Av større anlegg er montert gatelys på Tjøtta. Tilsammen i

5 ognabuar har kjøpt Hustad Bruk

Ein storgard på 1600 mål for 160 tusen kroner

Fem ognabuar, brørne Hans, Odd, Tor og Gaute Kvadsheim, sønene til Ole Kvadsheim, har saman med Arne Kvadsheim, bror til L. H. Kvadsheim, kjøpt Hustad Bruk i Romsdal. Heile dyrkingsfeltet er på 1600 mål og kjøpesummen er kr. 160 000, altså kr. 100 for målet.

og landbruksdepartementet til stades.

Arne Kvadsheim har i fleire år pakta ein prestegard ved Molde, og likeins har brørne Hans og Tor hatt prestegard til vakting på den kanten. Alle fem er dugande folk, så det vil ikkje koma til å stå på dugleik og vilje til å driva dette store gardsbruket, eit av dei største på Vestlandet, fram til eit mønsterbruk.

Det er Staten som er seljar. — Landbruksdepartementet har drive prøvedyrking der på feltet med moderne maskinar og reiskap. — Dyrkingsplanen er no gjennomført, og har kosta Staten 1,2 millionar kroner, eller ca. 600—700 kroner målet. Ved overdraginga var representantar frå Stortinget

I første venda kjem dei truleg til å leggja vekt på allsidig drift med korn og grønsaker. Hustad Bruk har ein stor fjøsbygning til 50 kyr, elles er eigedomen huslaus. Den fyrste tida er det visstnok meininga at dei skal driva bruket i hop, seinare vil det venteleg verta delt opp i fleire bruk.

Nyheita om at fem jærnbuar hadde kjøpt ein storgard i Romsdalen var verdte ein artikkel i Jærbladet 01.11.1955.

OFFISIELL OVERLEVERING

Bruka på Hostad vart offisielt overlevert 24. oktober 1955. Intensjonen var at jorda på 2000 mål skulle drif-tast samla dei første åra og så skiljast i fem sjølvsten-dige bruk. Slik gjekk det ikkje. Formannen i Stortinget sin landbrukskomité, I. K. Hognestad, var realist og minna bureisarane ved overleveringa på at dei måtte vera klåre over at dei ville få mange vanskar å vinna over, men ynskte dei lukke til og oppfordra dei til å skapa vakre hagar og planta livd. Det kunne verkeleg trengjast på slettene på Hostad.

Med statskonsulent i le-planting, Bjarne Frøystad, si faglege hjelp kom brørne som dei første godt i gang med le-planting. I alt utgjer le-plantingane på garden 100 mål. Tor seier at det ikkje har vore marknad for ved dei siste åra, så nå står 300 mål skog og 100 mål leplanting og legg på seg.

Allereie året etter overtakinga får bureisarane positiv tilbakemelding. Avisa Romsdals Budstikke skreiv at bureisarane har ytt ein einestående innsats som det står respekt av.

Det har vore opp- og nedturar for brukarane. Det som fire familiar sto samla om i starten, er det nå ein brorson til Tor som tek seg av med god hjelp av ein maskinkjører og Tor Kvadsheim. Garden har nytt og moderne fjos bygt for 240 storfe-einingar. I 2015 er det 60-70 årskyr og kring 35 oksar og like mange kviger og så kjem kalvane attåt.

- Eg skal ikkje leggja skjul på at vilkåra dei første

åra var ganske stramme. Me hadde ei tru på at me skulle byggja oss heimar her ute og skaffa oss utkome til å leva av.

- Pengar har eigentleg lite å seia. Det gjeld om å ha nok av dei til det daglege. Å ha ei god helse, eit godt naboskap og ikkje minst ha det godt i familien, det rangerer eg høgt, seier 87-årige Tor Kvadsheim, som sykklar to gonger dagleg for å stella i fjoset.

KJELDER

Informantar har vore

- Tor William Bue f. 1949
- Geir Lima f. 1956
- Sverre Ims f. 1951
- Sølve Søyland f.1944

Dei samtalane fann stad 25-27. mai 2015

Samtalar med Tor Kvadsheim, Fræna, og skriftleg kontakt med brorsonen Ole Gabriel Kvadsheim, Clacton On Sea, England

Skriftlege kjelder har mellom anna vore:

Ulike utgåver av Romsdals Budstikke frå åra kring 1955
Gjerdåker, Brynjulv. 2002. *Norges landbrukshistorie 1814 – 1920 Kontinuitet og modernitet.* bdIII(IV). Samlaget.
Helle, Knut et al red. 2006. *Vestlandets historie natur og næring.* Bd1(III). Vigestrand forlag.
Lars Gaute Jøssang et al. 2005. *Kom innføre! Nærbø handelsslav gjennom hundre år, 1905 – 2005.* COOP Nærbø.
Ljøset, Arnold, Atle Døssland og Jon Tvinnereim. 1996. *Fylkes-historie for Møre og Romsdal.* Samlaget.